



Anna Kristine Vabø
Vassbygdvegen 740
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14342 - 20/60546

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
25.09.2020

Registrert defekt lokk på septiktank - gbnr 131/26,60 Remme

Tiltak: Utbetring lokk septiktank
Byggjestad: Gbnr: 131/26,60
Tiltakshavar: Anna Kristine Vabø

Alver kommune har den 19.08.2020 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning same dagen vart registrert at lokket på septiktanken på eigedommen din, med adresse Remmo 72, 5911 Alversund, var defekt. I følgje Norva24 AS er lokket knekt og må skiftast ut omgåande. Når lokket på tanken er øydelagd slik som her, kan det vere fare for liv og helse og for at barn eller dyr kan falle ned i tanken.

I følgje plan- og bygningslova (pbl) § 28-6 første ledd skal basseng og brønn på eigedommen til ein kvar tid vere sikra slik at personar ikkje fell ned i dei. Kravet her gjeld for alle opne behaldarar for vêske. Det er grunneigar som er ansvarleg for at anlegget er forsvarleg sikra, eventuelt leigar eller festar dersom det eksisterer eit leigeforhold som skal gjelde for meir enn to år, jf. pbl. § 28-6 andre ledd.

Lokket må skiftast snarast. Frist for arbeidet vert sett til 15.10.2020.

Retting må skje ved at septiktanken vert sikra og at forsvarleg lokk vert montert. Lokk på kum må vere tett og utført i solide materiale, samt vere utstyrt med forsvarleg lås eller anna stengsel, slik at det ikkje lett kan løftast av eller skuvast til side. For å få utbetre eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i pbl. §§ 32-3 og 32-2.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilstanden, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Når lokket er reparert, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å sikre basseng og brønn følger av plan- og bygningslova § 28-6.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i plan- og bygningslova kapittel 32.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Anna Kristine Vabø

Vassbygdvegen 740

5912

SEIM